

BIBLIOTEK I VIDAREGÅANDE SKULE

ÅRSSTATISTIKK 2003

OVERSYN

I Hordaland var det i 2003

- 46 fylkeskommunale vidaregåande skular (42 har levert statistikk)
- 13 751 elevar (42 skular)
- 2 166 lærarar (42 skular)

Fylkesdelplanen for biblioteka i Hordaland (2002-2005) har under strategi 5 eit eige tiltak for utvikling av skulebiblioteka i den vidaregåande skulen (tiltak 5.2). I mars 2003 gjorde fylkestinget vedtak om å sette i gang eit planarbeid med utgangspunkt i at Hordaland framleis er på jumboplass innan dette feltet. Planen er utarbeidd i eit samspel mellom skulane, arbeidslaget Kompetansefylket Hordaland og fylkesbiblioteket, og er under politisk behandling våren 2004.

I planen set vi fokus på skulebiblioteket som medspelar i skulen som læringsssenter og studieverkstad. Dei viktigaste forslaga i planen er ei styrking av sentrale teknologiske tenester og rådgjevarressurs, parallelt med nye stillingar for fagutdanna skulebibliotekarar. Eitt av tiltaka i planen, oppretting av eit modellbibliotek, er i gong. Frå 1.9.03 blei Os vgs. sitt bibliotek valt som modellbibliotek, den einaste skulen som for tida har fagutdanna bibliotekar i 80 % stilling, det vil seie heile skuleåret. Sjå <http://www.hordaland.no/fylkesbibl/> for meir informasjon om skulebibliotekplanen og om modellbiblioteket.

GENERELT OM STATISTIKKFØRINGA

I år har skulane ikkje fått purring frå fylkesbiblioteket om rapportering av statistikkskjemaet. Fire skular har ikkje levert. Frå skuleåret 2003-2004 av blei åtte skular slått saman til fire. Tre av desse storskulane har levert ein felles statistikk, medan Årstad vgs. har rapportert kvar for seg for siste gongen. I kva grad skulane har fylt ut fullstendig, har fylkesbiblioteket mindre kontroll over. Det kan synast som det framleis er behov for støtte og oppfølging i rapporteringsprosessen, jfr forslag om styrking av rådgjevartenesta ved fylkesbiblioteket i den nye skulebibliotekplanen.

Den samla statistikken for dei vidaregåande skulane i Hordaland kan skrivast ut frå Internett, og tala derifrå dannar bakgrunnen for samanlikninga med forrige år. Denne statistikken byggjer på rapportering frå 42 av 46 skular.

ØKONOMI

Det er stor variasjon og manglar i rekneskapen for media. Fire skular har rapportert 0 kr, noko vi veit ikkje stemmer. Nedgangen på -24 % kan vi difor sjå på som ikkje reell. Mange skular legg inn andre utgifter som kan vera alt ifrå kjøp av medier til MM2, PC-ar, reolar eller anna. Meir allarmede er den sterke nedgangen i budsjettala for 2004 på -14 %, avdi vi allereie har fått signalar om ytterligare, dramatiske nedskjæringar.

PERSONALE

I flg. bibliotekstatistikken for 2003 arbeider ein fagutdanna bibliotekar (80 % stillingsressurs frå skuleåret 2003-2004), 55 frå undervisningspersonalet og 11 «andre» (m.a. elevar med bibliotek valfag og kontorpersonale) i biblioteka i den vidaregåande skulen i Hordaland.

Det ser ut til at nokre skular har tatt bort bibliotekarressursen, medan andre har auka noko, avhengig av skulen sine egne ressursar og prioriteringar. Totalt sett har ikkje situasjonen i vgs. i Hordaland betra seg, kanskje tvert om, -12 % seier statistikken.

Dei fleste av biblioteka er opne store delar av dagen utan at nokon ser etter samlingane eller tek seg av lånarane, medan nokre få er stengde når det ikkje er tilsyn. 25 skular har mindre enn 10 timar per veke med bibliotekar til stades, 18 skular har mellom 10 og 20 timar og tre skular har meir enn 20 timar per veke.

MEDIEBESTAND

Tala for mediebestanden er framleis ikkje komplette. Det som er registrert er som oftast bøker, tidsskrift og aviser på sjølve biblioteket. Det som finst «rundt om på skulen» er det ikkje full kontroll over. Også AV-media er mangelfullt registrert, men det er visse betringar å spora. Og skulane er blitt flinkare til å kassera forelda materiale.

Opptalt mediebestand pr.31.12 2003:

Media totalt: 241 515 (2002: 268 312) Nedgangen på -10 % skuldast både at fire skular ikkje er med og ein nedgangen i rekneskapstala. Tilveksten for 2003 er 9 989 einingar (- 22 %), avgang for 2003 er 4 742 (49 %).

EDB

Alle dei vidaregåande skulane har kjøpt og installert edb-utstyr i biblioteka til registrering av samlingane. Alle har nå fått installert Mikromarc, og mange har søkesystem i nett. (Berre 14 skular har Mikromarc2.) Alle skulane har tilgang til Internett. Statistikken viser elles at til saman er det 289 maskiner tilgjengelege ved skulebiblioteka, det same som i fjor

UTLÅN OG BESØK

Bruken av biblioteka er framleis mangelfullt registrert. Særleg ved registrering av referansespørsmål er det registrert nedgang : 15 909 mot 36.517 i 2002, eller om lag -50 %. Fleire skular har unnlatt å skriva noko her sjølv om skulane har oppgitt utlånstal! Det er tydeleg problematisk for biblioteka å registrere besøk. Her er store variasjonar frå år til år,

84 075 i 2003 mot 159 597 i 2002. Dette kan skuldast mangel på rutinar og system for å telje besøka, men for lite bemanning gjer også sitt.

Utlån av bøker er 28 763 mot 33.283 i 2002 , -6 % i nedgang.

Utlån av AV-media er 5 671 mot 4 642 i 2002, ei auke på heile 22 %!

Totalt utlån av media var i 2003: 34 434 mot 37.925 i 2002, ein nedgang på berre -2 %.

Alle tala må lesast med tanke på at fire skular manglar i summeringa.

FJERNLÅN

Dei vidaregåande skulane har framleis ikkje noko «apparat» for fjernlånsverksemd. Det tekniske ligg til rette, men stillingsprosentane til dei bibliotekansvarlege er for små til å bestille, ta imot, vidareformidle til lånaren, sende tilbake til långjevande bibliotek m.m. Når elevane og andre brukarar skal ha stoff som ikkje finst i skulebiblioteket, vert dei ofte sende til næraste folkebibliotek. Vi har også døme på at nærliggjande fagbibliotek vert nytta, eller andre skulebibliotek. To skular rapporterer fjernlån i 2003.